

Genuset til nullavleiingar i norsk

Philipp Conzett
 Universitetet i Tromsø
 Institutt for språkvitskap
 philipp.conzett@hum.uit.no

Genustilordningssystemet i norsk har endra seg gjennom tidene. I mastergradsoppgåva mi granskar eg genussystemet i norrønt og nynorsk på eit omfattande empirisk grunnlag (Conzett 2007). Nærare bestemt ser eg på kva samband som finst i leksikon mellom genus på den eine sida og semantiske, morfologiske og/eller fonologiske eigenskapar til substantiv på hi. Eg jamfører òg genussystemet på dei to språkstega. Den diakrone utviklinga av dei kvantitative styrketilhøva mellom genusa er oppsummert i tabell 1 (sst.: 118):

Tabell 1: Oppsummering av styrketilhøve mellom genusa i norrønt og nynorsk

		ordstrukturtype											
		alle substantiv				utan samansetningar				utan suffiksord			
		f	m	n	Σ	f	m	n	Σ	f	m	n	Σ
norrønt	#	9672	11969	8886	30527	3974	3796	2262	10032	2002	2354	1650	6006
	%	31,68	39,21	29,11	100	39,61	37,84	22,55	100	33,33	39,19	27,47	100
	>>	m >> f > n				f > m >> n				m >> f >> n			
nynorsk	#	17047	32526	17891	67464	5089	13248	3974	22311	2509	8024	3339	13872
	%	25,27	48,21	26,52	100	22,81	59,38	17,81	100	18,09	57,84	24,07	100
	>>	m >>> n > f				m >>> f >> n				m >>> n >> f			

Om vi held oss til dei usamansette orda, ser vi at maskulinum (m) har hatt ein formidabel framgang på veg til nynorsk. Det aukar sin del med 21,54%. Denne auken går mest ut over femininum (f), som misser 16,8%. Nøytrum (n) får redusert sin del med 4,74% og er såleis det genuset som har halde seg mest stabilt. Maskulinum er med 59,38% utan tvil det mest dominerande genuset i nynorsk. Femininum er med 22,81% litt større enn n (17,81%). På eit slikt globalt/kvantitativt nivå har såleis styrketilhøva mellom genusa i usamansette substantiv utvikla seg frå f>m>>n til m>>>f>>n.

Derimot har nokre område av substantivsystemet utvikla seg annleis. Såleis har n hatt mest framgang blant substantiv som er komne til ved nullavleiing av verb (t.d. *kast*, n, til *kasta*, v). I denne kategorien aukar n sin del frå 40,57% i norrønt til 63,24% i nynorsk (sst.:104f.). Samstundes har kodinga av slike verbalabstrakt delvis vore problematisk. Målet med doktorgradsprosjektet mitt er å undersøkje desse orda nærare på grunnlag av meir presise kriterium enn dei som er nytta i mastergradsoppgåva mi, for så å koma fram til ei beskriving av kva rolle genus spelar i nullavleiing i norsk.

I føredraget mitt skal eg presentera planen for doktorgradsprosjektet mitt. Ved sida av eit kvantitativt oversyn over utviklinga av genustilhøvet ved nullavleiingar i norsk skal eg leggja særleg vekt på korleis kognitiv lingvistisk teori kan nyttast til å analysere semantiske aspekt ved nullavleiingar og korleis denne typen ord(laging) kan integrerast i ein einskapleg leksikalsk nettverksmodell.

Litteratur:

Conzett (2007): *Genus i norrønt og nynorsk. Ein komparativ studie*. Upublisert mastergradsoppgåve, Institutt for språkvitskap, Universitetet i Tromsø, 2007. (133 s.)